



Til heimane til elevane i 2. kl skuleåret 15-16

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/63 - 16/8125

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

15.06.2016

## Informasjon om nytt skuleår

Viser til tidlegare info gjeven til heimane vedr psykososialt miljø for 2.kl og korleis skulen kunne betra skulekvardagen for elevane.

Det vart på dåverande tidspunkt lagt opp til at komande 3.klassingar skulle får disponera begge klasseromma i Vestfløyen (i tillegg til klasserommet ved heisen). Ein kan sjølv sagt sjå at løysinga som vart skissert for dykk tidlegare hadde vore optimal for alle i 3.klasse.

Me har mange elevar på skulen som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging; og rektor ber om forståing for at skulen har 151 elevar å ta omsyn til. Den skisserte løysinga har skapt reaksjonar frå personalet på skulen, og me har drøfta fram og attende korleis løysa romsituasjonen til beste for alle elevane våre.

Me veit no også at det vert byggjearbeid i samband med rehabiliteringa av gymsalen i haust, truleg startar arbeidet i slutten av september og vil halda fram ut 2016. Dette må takast omsyn til i høve klasserommet som ligg nærast gymsalen. Klassen som skal vera her, må truleg flytta til eit anna rom på skulen (musikkrom/skulekjøkken ...) for ein periode. (Dette vert no 7.kl, dei er mest fleksible tenkjer me).

Me har også fått melding om fleire elevar i nokre klassar, og må ta omsyn til storleiken på klasseromma. Dei 3 største klasseromma på skulen er i Vestfløyen, dei 4 andre klasseromma i hovudbygget er ca 6 m2 mindre. Det føreligg minstekrav til areal pr elev på 2 m2. Ein bør også tenkja vidare framover enn berre komande skuleår og planleggja på sikt.

Rektor har difor i samråd med andre gjort følgjande endring:

3. kl (16-17) skal få dei to klasseromma i 2. etasje. Desse to klasseromma er nesten identiske med dei 2 klasseromma i Vestfløyen, men kvart av dei er ca 6m2 mindre. Klassen vil vera heilt delt i 9 t/v i kvart sitt klasserom, i dei andre timane kan dei f.eks ha felles undervisning/gjennomgang i eit av romma og deretter fordela seg på begge rom i arbeidsøktar. Det vil då vera 13 elevar +/- i kvart rom. Med ca 13 elevar i kvart av romma vil det vera gode høve til å laga mindre gruppe og fordela elevane over heile arealet, noko som igjen vil påverka t.d. lufta og kjensla av å ha «rom» rundt seg for både

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

små og store. Over gangen er det eit grupperom som kan disponerast av kun elevar i 3.kl. Skulle det vera trong for fleire grupperom, vil ein kunna ta i bruk andre grupperom andre stadar på huset. Dei vil også vera åleine på gangen/i garderobesituasjonen.

Det eine klasserommet i Vestfløyen vil framleis vera tilknytta 3.klasse.

Det vert som tidlegare informert om 2 kontaktlærarar i 3.klasse. Fordelinga vert slik:

3A:	3B:
Jonas	Petter
Tone	Isak
Sara	Ingeborg
Magnus	Stian
Martinus	Dina
Jarand	Sara Emine
Olav	Emil
Markus	Lisa
Oda Sofie	Dorthe
Madelen	Oliver
Isabella	Jokubas
Iselin	Johanna
Leah	Khalida

Med ynskje om ein GOD SOMMAR til dykk alle 😊

Med helsing

Inger Morken Ellingsen  
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen  
sekretær Manger skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Til heimane til elevane i 2. kl  
skuleåret 15-16